

## Til studentar ved årsstudium personlig trener (PT)

Velkommen som PT-student i Sogndal! Studiet du no skal starte på gir deg moglegheiter til å fordjupe deg i praktiske og teoretiske emner og du får prøvd ut varierende former for undervisning. I den samanheng ynskjer me å førebu deg litt før du kjem til Sogndal som student.

### Generelt

Årsstudiet har mykje praktisk aktivitet, både inne og ute. Aktivitet og kurs blir gjennomført i avgrensa periodar, difor vil timeplana variere frå veke til veke. Undervisninga blir vanlegvis lagt i tidsrommet frå kl 08.15 til kl 17.00. Ein del av undervisninga har oppmøtekrav (obligatorisk læringsaktivitet) og det er ikkje haust- eller vinterferie. I både haustsemesteret og vårsemesteret har du bruk for vanlege treningskle, klede til utebruk og inne- og utesko. Studiet har krav om politiattest, denne bør du levere ved studiestart.

### Informasjon om studiet

Informasjon og oppbygning av studiet vil du finne under studieplanen for personleg trenar (<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/2021h/pt/studieplan/>). Her kan du lese om innhaldet i emna, praksis og mykje meir.

### Timeplan

På studiestartside på hvl.no finn du lenke til timeplanen i TimeEdit for ditt studieprogram. Først etter studiestart får du vite kva gruppe du høyrer til, og får den endelege timeplanen.

### Pensum

For å få tilgang til komplette pensumlister må du få tilgang til læringsplattforma Canvas. Brukarnamn og passord vil du få ved semesterregistrering. Vist du vil starte førebuinga som PT-student tideleg, ta kontakt så skal eg hjelpe deg med pensumlister. Campus Sogndal har ein eigen bokhandel der du kan få kjøpe all pensumlitteratur, eller du kan prøve å få tak i brukte bøker.

Har du spørsmål kan du kontakte Vidar Andersen, [vidar.andersen@hvl.no](mailto:vidar.andersen@hvl.no)